

# Sluttrapport BARK-midler Austrheim og Radøy kommuner

-og anmodning om utbetaling av restbeløp



30.oktober 2018

Syner til tildeling av BARK-midlar 2015 der Austrheim kommune vart tildelt 110.000 kroner til tilrettelegging og skjørsel ved Fosnstraumen på både Radøy-sida og Austrheim-sida. Vi syner også til godkjenning av endring av disponering av midlane.

**Ber om utbetaling av restsummen av tildelinga på kr. 110.000,- til Austrheim kommune, kto.nr. 1594.11.80407. Restsummen utgjør kr. 58.733,-**

For oss er det viktig å sjå desse midlane i samanheng med dei vidare planane som kommunane har for Fosnstraumen og formidling og bevaring av steinalderfunna som er gjort i dette området:

- Vi har etablert eige heimeside for Fosnstraumen [www.fosnstraumen.no](http://www.fosnstraumen.no)
- Eigen informasjonsfilm er produsert og gjort tilgjengeleg på heimesida [www.fosnstraumen.no](http://www.fosnstraumen.no)
- Utberingar av steinalderstiane / turstiane i områda
- Oppkjøp/sikring av aktuelle områder ved Fosnstraumen
- Universell utforming av ca 100 meter turveg inn til planlagt utsiktspunkt er prosjektert. (Austrheim)

Vi ser at prosjekta som både Austrheim og Radøy kommunar har gåande er svært spanande for å bevare og formidla den rike steinalderhistoria som ein finn ved Fosnstraumen. Vårt overordna mål vil vera at dette prosjektet totalt sett vert løfta opp på regionalt og nasjonalt nivå.

#### Utført arbeid:

- Grunneigarløyve frå alle involverte grunneigarar er på plass (Radøy/Austrheim)
- Arbeider for sikring av dei 2 aktuelle formidlingsområde/friluftsområde med tanke kjøp (Austrheim)
- Statens naturoppsyn, Hordaland fylkeskommune, Bergen og omland friluftsråd og Radøy kommune har delteke i skjøtselsarbeid på Rapeneset, til saman kring 11 dagsverk.



- Det er sett opp gjerde og gjort avtale om beiting med villsau på Rapeneset.
- Traséen for stiane i Rapeneset er delvis endra for å leggja dei utanfor store lokalitetar, og ny merking av trasé er gjennomført. Det er bygd ut klopper og lagt ut stiarmering på våte parti. Turen har vore med i Radøy kommune sitt turopplegg i 2017.
- Det er gjort avtale med Austrheim vidaregåande skule, Byggfag, om utskifting og legging av nye kloppar frå p-plass Litlelindås og ut i Steinalderstien mot Hoplandskvernane.
- På Austrheimsida er det utarbeid eigen skjøtselsplan
- Utlegging av kloppar frå P-plass Litlelindås og ut i Steinalderstien
- Innhenta tilbod på fjerning av skog på Austrheimsida i formidlingsområdet



- Stien på Ramsvikneset er rydda, merka og tilrettelagt med klopper.
- Det er sett opp informasjonstavle på Straume kai med informasjon om stien på Radøy-sida
- Det er sett opp tilsaman ti informasjonsskilt langs stiane på Rapeneset og Ramsvikneset på Radøy-sida





Det er også verd å nemne at 28.04.18 det vart ein eigen «lanseringsfest» for informasjonfilmen «Steinalderlandsbyen ved Fosnstraumen». Her samla det seg publikum, skodespelarar og andre involverte til ei kjekk stund saman. Høgdepunktet var sjølvstakt den første framsyninga av filmen.



Planen vidare på Austrheim-sida av Fosnstraumen er ganske omfattande og spanande. Vi har fått planlagt og prosjektert ny parkeringsplass, universell utforma tursti og eit utkikkspunkt inne i funnområda. Dette er eit kostbart prosjekt som vi tenkjer er for omfattande for Austrheim kommune åleine å løyse, men vi har fått kr. 400.000,- frå Hordaland Fylkeskommune slik at vi kan få starta på arbeidet med turstien. Kommunen har

i 2018 også fått tilsegn om tilskot på kr 292.000 i BARK midlar til Steinalderstien. Vi håpar å koma godt i gang med dette prosjektet i løpet av 2019. For å realisere dette må skogen ryddast og ein må få kjøpt eller få ein langsiktig avtale med grunneigar.



*Foto frå Steinalderstien på Austrheimsida*

## Økonomi:

Vi har forsøkt å synleggjere utgifter vi har hatt til prosjektet og disse er i tråd med BARK-søknaden frå oss og er gjort i tett dialog med HFK.

Utgifter og finansiering						
	Eigeninnsats Radøy	Eigeninnsats Austrheim	Eigeninnsats HFK	BARK 2017	BARK 2018	SUM
Illustrasjoner				1062,50,-		1062,50,-
Reise*	1700,-	3600,-	2545,25,-			7845,25,-
Skinn steinalderlavvo	6000,-					6000,-
Admin*	19.825,85,-	14.350,-	5250,-			39.425,85,-
Gebyr Radøy					1940,-	1940,-
Møter/synfaring *	13.744,58,-	33.900,-	27.650,-			75.294,58,-
Skjøtselsplan*			52.500,-			52.500,-
Skjøtsel	7000,-					7000,-
Layout hovedskilt			7000,-			7000,-
Hovedskilt og skiltstativ	2500,-			46.250,- (Forskot)		48.750,-
Småskilt	4000,-		26.250,-			30.250,-
Språkhjelp småskilt					1396,-	1396,-
Bilder småskilt					1500,-	1500,-
Tilrettelegging sti Radøy	3000,-		14.700,-	3954,40,-		46.770,40,-
Materiale klopper					16.116,-	
Arbeid klopper					9000,-	
Turskilt Radøy					861,33,-	861,33,-
Tilrettelegging av sti Austrheim					27.919,77,-	27.919,77,-
SUM	57.770,43	51.850,-	135.895,25,-	51.266,9,-	58.733,1	355.515,68,-
SUM BARK				110.000,-		

\* Tal frå rapport om årleg eigeninnsats, samla for 2015-2018.

BARK tilskot utbetaling Radøy 2018: 30.813,33,-

BARK-tilskot utbetaling Austrheim 2018: 27.919,77,-

Med venleg helsing

Kari T Utkilen og Helge Dyrkolbotn

Austrheim kommune